

Spørsmål om kreative læringsplattformer på bybane-haldeplassane.

Vestland fylkeskommune står som ansvarleg part i utbygginga av bybanetrase mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen. Fylkeskommunen, kollektivbudsjettet og byløftet i Bergen er tent med at det vert lagt til rette for at flest mogleg tar bybanen, og at opplevinga av å ta bybanen blir god for dei som nyttar den. I handlingsprogrammet for kollektiv står det at

«[e]it av dei overordna måla i kollektivstrategien er at kollektivtrafikken skal vere eit enkelt og attraktivt reiseval. Den reisande skal møte eit tilbod som er lett å bruke og som held høg kvalitet i heile reisekjeda – dette er heilt sentralt for å få fleire reisande.»

Det er fleire forhold som er viktig for at flest moglege skal nytta bybanen, eit av desse kan vera å gjera bybanestoppa meir interessante og lærerike. Gode opplevingar for dei som ventar på bybanen vil bidra til å gjera bybanen meir attraktiv som reiseval for til dømes barnefamiliar.

Eit mogleg tiltak for å styrke heile opplevinga av bybanen, og som kan vera økonomisk rimeleg, er å skapa kreative læringsplattformer for passasjerane mens dei ventar på bybanestoppet. Dette er et tiltak som er utprøvd på busshaldeplasser i Philadelphia USA (Urban Thinkscape), og resultatata frå Philadelphia gjer grunn til å vurdere det same i Bergen.

Vestland har ei rekke aktørar som kan vera aktuelle for eit samarbeide i utforminga av desse læringsplattformane. Vi ønskjer å sjå på moglegheita for at bybanepassasjerane skal få Vilvite-lignande opplevingar på dei nye stoppa som skal settast opp på bybanetraséen til Fyllingsdalen.

Kreative læringsplattformer vil kunne bidra til å skape auka entusiasme for bybanen, større interesse til å ta bybanen og betre opplevinga av å vente på bybanen. Dette vil attpåtil ha potensial til å gje tileggseffekter for folkehelsa ved å gje passasjerer hjernetrim. For nokon kan bybanehaldeplasser og bli eit mål i seg sjølv. Å utvikle slike stopp vil vera godt for bruken av bybanen og for innbyggarene i byen.

Spørsmål:

Har det vore vurdert å legge til rette for kreative læringsplattformer? Kva tankar har administrasjonen om eit slikt tiltak?

Kan det la seg gjere innanfor vedtekne budsjett?

KrF v/ Trude Brosvik